












	Journal post	Avsender	Område	Gbnr	Innspel	Rådmannen sine kommentarar
1.	19/3855	Åge Bakken	Kårvika	9/2 2, 10/ 7, 8	<p>1. Ynskjer omgjerung til bustadføre mål</p> 	<p>1. I kommuneplanen sin arealdel er heile dette området sett av til næringsføre mål. Rådmannen er uroa over for tett lokalisering mellom næring og bustad og føreslår at området vert sett av til LNF-føre mål for å få ei buffersone mot næringsområde. Det er også utfordrande i høve til tilkomstveg og soltilhøve. Det er ikkje lagt opp til fortetting i Kårvika. Eksisterande bustad er framleis sett av til bustadføre mål – felt BF60</p> 
2.		Jostein Hatland	Lyktaneset	14/141	<p>Innspel om småbåthamn ut frå Lyktaneset. Ber om at bryggeanlegg blir lagt ut frå Lyktaneset. Ber kommunen vurdere ny enklare avkøyrse. Ber om mulighet til ny plassering av eksisterande naust då dette vil vere innanfor nytt areal for småbåthamn.</p> 	<p>Småbåtløysinga er i hovudsak vidareført frå førre plan. Det er gjort nokre endringar mellom anna i høve til tilkomst og moglegheit for tilkomst til mjuke trafikantar. Småbåtområdet legg opp til moglegheit for fasilitetar på land og moglegheit for molo. Ein kan ha uteliggarene frå landareal på neset eller frå areal ved fylkesvegen. Det vert lagt opp til potensiale for felles sørvisbygg i staden for naust. Parkering kan løysast innanfor området. Det vert lagt opp til avkøyrse. Sjå planskildring s. 31.</p> 





3.	19/9413	Ard arealplan for Bøe og Lepsøy	Hatland	14/293	Ber om at det vert tatt inn mulighet for utvikling av denne eigedommen til bustadutvikling. Vurderer å rette behovet inn mot sosial bustadutvikling. Ser for seg ei utbygging med inntil 25 bueiningar fordelt på tre bygg med opptil 3 etasjar.	Arealet saman med tilgrensande eigedom er sett av til blokkbebyggelse (BB01) med tilhøyrande infrastruktur. Det er lagt til rette for maksimalt 4 etasjar.
4.	18/6626 19/3551	Lonevåg båtlag	Barkavika - Lonevåg		<p>Viser til at Barkavika bør vidareførast som småbåthamn og at det bør leggst til rette for kommunal infrastruktur. Fram til ny småbåthamn er realisert bør det kunne opnast for ei utviding av eksisterande flytebyggjer i Lonevåg.</p> <p>Innspel knytt til innspelsrunden:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Innan 2025 bør det totalt vera minst 125 båtplassar i Lonevåg med vidare utbygging til 150 innan 2040. 2 Auke talet båtplassar i ytre hamn med 25-35 plassar. 3 Båthamn i Barkavika bør vidareførast men denne treng kostbar tilrettelegging på land og veg, fortau, parkering etc. 4 Fram til punkt 3 er realisert bør det leggst til rette for ei moderat utviding av båtplassar i eksisterande flytebyggjer. <p>28.02.19 A) Må utvide båtplassar i ytre hamn med 25-35 plassar B) På lengre sikt bør det vere mogleg å etablere båthamn på Barkavika. C) Vil understreke at planen må inkludera eksisterande småbåthamn (indre hamn) som langsiktig/permanent løysing for minst 50 båtplassar.</p>	<p>Småbåthamn er vidareført frå gjeldande plan. Sjå merknad 2.</p> <p>1-3: Det er lagt til rette for utvikling av dette området og dette inneber at ein ikkje samstundes kan legge til rette for utviding eller vidare drift på uteliggjarar som har mellombels løyve. Det er lagt til rette for ca 120 båtplassar i område for småbåthamn. Antalet vil vere noko avhengig av storleik på båtplassane. Det er lagt opp til trapper og gjestebrygge ved Osterøy senter som sikrar tilkomst til sjø for ålmenta.</p> <p>4: Ein legg opp til ei felles permanent løysing i Barkavika.</p> <ol style="list-style-type: none"> A) Sjå punkt 1-3 over. B) Teken til vitande. C) Sjå punkt 1-3. Pga tilrettelegging for ålmenta og risiko for ureining vert det ikkje lagt til rette for båtplassar i indre hamn (Hatlandsvågen).
5.	19/1686 1	John Solberg	Vågatjødn		<p>Ber om at det vert vurdert bubiloppstillingsplass ved Vågatjødna, mellom bussterminal og tjødn.</p> 	<p>Notat – konseptanalyse for risikoreduserande tiltak for flaum datert 18.12.17 tilrår å bevare Vågatjønn som den er i dag for å kunne magasinere vatn ved ekstremnedbør. Det vert difor ikkje lagt til rette for ei utviding av landareal rundt Vågatjønn.</p> <p>Det er lagt til rette for ei utviding av parkeringsarealet (o_SPA02) der også bubar kan stå. Svart boks viser nytt parkeringsareal. Det vert ikkje lagt til rette for fasilitetar, men på landareal ved småbåthamna er det opna for at ein også kan ha ei mindre bubilparkering om ønskjeleg sjå 6.1.</p> 






6.		Osterøy Entrepør	Hoggje Bustadf elt	14/100, 386	<p>Ynskjer eigedomane vert regulert som bustadområde med høg utnytting som til dømes terrasseblokker eller liknande.</p> 	<p>Reguleringsplanen for Hoggje bustadfelt er i hovudsak vidareført i områdereguleringa med bustadfremål – konsentrert småhusbebyggelse (BKS04). Det brattaste arealet sør er sett av til LNF.</p> 
7.	19/2795	Nina Solberg			<ol style="list-style-type: none">1. Frigjera dagens BNR-tomt midt i sentrum2. Fylle ut resten av vika innafor terminalen3. Frigjera parkeringsområde ved handlesenteret midt i Lonevåg. P-plass for bilar kan vera på noverande bussterminal saman med ladestasjonar.4. Etablere møteplasser og opphaldsareal i sentrum.	<ol style="list-style-type: none">1. Tide-tomta er føreslege regulert til sentrumsfremål BS08.2. Rådmannen forstår dette som at det er ynskje om å fylle i Vågatjørn. Det rår ein ikkje til av omsyn til flaum og stormflo-problematikk. Sjå elles 1. avsnitt merknad nr 5.3. Rådmannen forstår dette som arealet ned mot Hatlandsvågen. Deler av arealet vert sett av til torg (rosa) og deler til parkering (grå).4. Felt o_BLK02 er sett av til areal for leik, aktivitet og park. Dette i kombinasjon med open kanal med tilhøyrande blå-grønt areal vil gje gode areal for møteplassar og leik. Vidare er det regulert gågate (o_SGG) og torg (o_SGT) som kan nyttast til leik og opphald. 




8.		Eirik Gudmundsen		14/25, 196, 173	<ol style="list-style-type: none">1. Ønske om fortetting av området som ligg inne under sone for spreidd bebyggelse.2. Etablere ein veg med start i avkjøring ved renseanlegg gbnr 14/362. Veg opp til Apalbakken/Bergabøen til bustadføre mål. Kan gje mulighet for meir bustadutvikling.3. Badeplass med tjeneleg standard i Svene vika og gang/sykelsti frå badeplass til sentrale Lonevåg 	<ol style="list-style-type: none">1. Det er lagt opp til fortetting i dei større bustadområda i Lonevåg. Pga dårleg infrastruktur er det ikkje lagt opp til fortetting i dette området. Det ligg også i støysone (gul) frå vegen.8. Det er ikkje vurdert tilkomstveg til moglege bustadområde utanfor planområdet i områderegulering Lonevåg. Dette må evt takast ved detaljregulering av nye bustadområde.9. Det er framlegg om friluftsføre mål for Svene vika som kan nyttast til badeplass. Det er i føresegn 5.4 lagt til rette for at tilrettelegging for friluftsføre mål som td badeplass er tillate. Det vert lagt til rette for turveg langs fylkesveg til Svene vika.
----	--	------------------	--	--------------------	---	--







9.	Tore Birkelid	Ramberget	14/291	<p>Ynskjer at arealet på deler av tomt nr 20, jf teikning til leikeareal/fellesareal/p-plass</p> 	<p>Det er regulert inn leikeareal på foreslått areal. Bustadføremål er justert noko for å kunne samsvare med eksisterande situasjon. Det er regulert snarveg for å sikre moglegheit for gjennomgang mellom leikeområde BLK11 og BLK12.</p> 
10	Grethe Hatland, Anne Lise Hatland, Jan Helge Hatland, Anita Hatland Simonsen og Frøydis Hatland	Fossen-Ramberget	14/15	<ol style="list-style-type: none">1. Ber om at kommunen ser på infrastrukturen opp til gbnr 14/15 slik at desse kan realiserast2. Ynskjer ein bruksendring av arealet til bustad3. Videreutvikling av infrastruktur slik at området kan bli tur/rekreasjonsområde for innbygarane i Lonevåg	<ol style="list-style-type: none">1. Området ligg utanfor planområdet til områderegulering Lonevåg. Det vert ikkje vurdert innspel på utviding av planområdet til nye bustadfelt. Behov for nye byggeområde må vurderast ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.  <p>Grått er området for områderegulering Lonevåg. Oransje viser der innspelet omhandlar.</p> <ol style="list-style-type: none">2. sjå punkt 13. Også utanfor planområdet.4. Sjå punkt 1 og 3.







					<p>4. I samband med turområde med vegar kan ein sjå for seg eit grendehus</p> 	
11	19/3662	Arkoconsult AS på vegne av Berit Hatland	Ramberget	14/18	<p>1. Ynskjer å dela frå to tomter til bustad. Ber om at bustadføremål vert vidareført i ny plan med tomteinndeling for tomt 31 og 33, jf gjeldande reg plan.</p>	<p>1. Områdeplanen vidarefører bustadføremål for tomt 31 og 33 i gjeldande plan i felt BF21. Det som er uregulert område i dag er sett av til leik.</p>




					<p>2. Tomt 33, jf gjeldande reg plan, er bratt og det er ynskjeleg å slå denne saman med 14/166.</p> 		<p>2. Planen legg ikkje til rette for å slå saman tomter for å få større tomter utan å auke antal bueiningar.</p>
12	19/3268 og 19/3842	Grethe Hatland	Hatland	14/132	<p>1. Ynskjer oppdeling av tomt. 2. Ynskjer å nytte innkjøring som vist på vedlagt kart. 3. Vil plassera garasje der eksisterande innkjøring er i dag.</p> 		<p>1. Planen legg opp til at det er mogleg å dele av nye tomter for å få bygd fleire hus. Området er sett av til bustader-frittliggande i framlegget , felt BF5. 2. Tilkomst må vurderast i byggesak. 3. Mogleg plassering av garasje må vurderast i byggesak.</p>




13	19/3844	Rune Solberg	Naustha ugen	14/31	<p>Ber om at eiegenomen framleis vert lagt med føremål bustad. Eiegenomen er litt over 4,5 mål og har kort veg til sentrum. Potensiale for 2-3 nye bueingar.</p>		<p>Er vidareført som bustadføremål (BF31) i planframlegget.</p>
14	19/3850	Kristine Lohne v/Bjarte Lohne		13/100	<p>Ynskjer dette gbnr vert lagt inn med føremål Bustad.</p>		<p>Området er sett av til konsentrert bustad – felt BKS13. Dette inneber at det kan nyttast til føremål bustad.</p>
15	19/3852	Osterøy I.L.		13/162 14/9	<ol style="list-style-type: none">1. Grusbane ved idrettshallen. Ynskjer at området vert regulert til Idrettsføremål/uorganisert aktivitet.2. Ynskjer at området vert regulert til idrettsføremål. Området er ein av få områder for eit framtidig idrettsanlegg.		<ol style="list-style-type: none">1. Idrettsbana delvis regulert til idrettsføremål og delvis til leik/opphald.2. Det er behov for areal til barnehage i Lonevåg. Det er forventa folketalsauke i Lonevåg og nytt stort bustadfelt gjer det naudsynt med ekstra kapasitet på barnehageplassar. Rådmannen har vurdert at det er tenleg å samle offentleg tenesteyting som barnehage, skular og idrett nær kvarandre for å kunne nytte uteareal, parkering og busshaldeplass føremålstenleg for alle tenester. Rådmannen føresler difor at området føreselge for framtidig idrettsanlegg vert regulert til barnehageføremål, felt o_BBH.
16	19/3845	Tina Louisa Bakken, Rune Solberg, John Solberg, Catrine	Lonevåg sentrum	14/35	<p>Ynskjer å kome med innspel om grønne lungar i sentrum. Området bør avsetjast til park med element som:</p> <ul style="list-style-type: none">• Tre		<p>Området er del av eit utvida område sett av til leik/park/aktivitetsområde. Det gjeld gbnr 14/35 og delar av gbnr 14/391. Sjå planskildring kap 5.4.</p>



		Solberg, Tove Ludvigsen, Sandra Solberg Nygard, Bjørn Kraglund, Marit Solveig Solberg og Bjarte Nygard			<ul style="list-style-type: none"> • Plen • Blomar • Benkar • Hekk • Karpedam • Belysning <p>Forslag til namn: Sigurdsplassen.</p> <p>Etter Sigurd Solberg som hadde bustadhus på plassen i over 60 år med ein opparbeida og velstelt hage, og som i tillegg husa doktorkontor, bibliotek og husflid opp igjennom tida</p>	Formelt namn på parken må takast i eigen prosess og kan gjerast når planen er vedteken.
17	19/5791	Fitje indremisjon v/Øyvind Vevle		Delar av 13/213	TOMT TIL BEDEHUS I LONEVÅG Eg stadfestar med dette at me ønskjer at den tomten som tidlegare har vore halden av til bedehus kjem med i områdeplanen	Det gjeldande arealet er del av gbnr 14/389 som Osterøy kommune eig. Området er i planen vurdert som godt eigna til bustad då det ligg sentralt plassert. Det vert ikkje vidareført som areal til bedehus/religiøs aktivitet. Felt BAA (gamle brannstasjonen) er sett av til kulturføremål og forsamlingslokale og kan difor også nyttast til religiøs aktivitet.
18	19/1609 4	Hansen & Eknes AS v/ Stig Eknes	Naustha ugen	14/389	Ynskjer ikkje at deler av eigedom 14/389 vert regulert til «grønt / leik», men at den vidareførast som boligformål.	Leikeområdet er teke ut av planforslaget. Leikeareal til nye bustader må visast ved byggesøknad.
19	18/3411	BKK			<ol style="list-style-type: none"> 1. Planområdet krysses av eksisterende 132 kV kraftledning Matre-Jordal. Eksisterende høyspenning luftledning Det må tas hensyn til høyspenningluftledningene som ligger innenfor planområdet. Ledningene har et byggeforbudsbelte på totalt 16 meter, 8 m eter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål trase for nærmere angitt teknisk infrastruktur 2. Behov for ny nettstasjon - samt forhold til eksisterende frittliggende nettstasjon. En nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisisiktsoner. Størrelsen på nettstasjonen kan være opptil 15 m² 3. Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser: <ul style="list-style-type: none"> • Der BKK Nett angir behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål. Alternativt kan det tas inn i planbestemmelsene at nettstasjoner skal kunne etableres og innenfor hvilke reguleringsformål de kan plasseres. I siste tilfelle må det også tas inn i bestemmelsene de sikkerhetssoner som gjelder for nettstasjoner. • Det er formålstjenlig om det i reguleringsbestemmelsene kan innarbeides en generell bestemmelse om at nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område, samt på areal regulert til utbyggingsformål. • Generelt er det 5 meter byggegrense rundt nettstasjoner. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Trasé for høgspent har omsynssone 370 Faresone – Høgspentanlegg i plankart. Omsynssona er omtalt i føresegn 7.1 og 7.2. 2 og 3. Dette er sikra gjennom føresegn 1.9.
20	18/6590	Haus og Lonevåg musikklag			Ber om at det vert vurdert lokalisering av eit kulturhus i Lonevåg då eksisterande lokale er for små til konsertar/andre arrangement.	Det er lagt til rette for at idrettshallen felt o_BIS01 og ungdomsskulen o_BU01 kan byggast ut slik at det kan romme kulturscene. Det er ikkje lagt til rette for eit eige



		v/Kristin Ruud Myking				areal til kulturbygg men rådmannen vurderer at dei to lokalitetane som er avsett i planen kan støtte behovet for kulturarrangement.
21	18/3124	Mattilsynet			Mattilsynet ber om at det vert innarbeidd omsyn til VA-systemet i området i det vidare planarbeidet.	Teken til vitande.
22	18/4967	Kystverket			Planområdet kjem ikkje i konflikt med arealet avsett til farleia eller med navigasjonsinstallasjonar i området. Har ikkje merknader til planarbeidet.	Teken til vitande.
23	18/6490	SVV			Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar: - Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.) - Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) - Byggegrenser til riksveg/fylkesveg – Vegtrafikkstøy - Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker	Teken til vitande. C-teikningar vert lagt ved planframlegget til 1.gangs høyring og offentleg ettersyn.
24	18/6527	Fylkesmannen			<ol style="list-style-type: none"> 1. ROS-analyse: ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. 2. Loneelva: I elva er det registrert raudlistearten elvemusling og har som kjent ein særprega stamme av laks, som er rekna som art av nasjonal interesse. Vi legg såleis til grunn at omsyna til vassdraget vert sikra i det vidare arbeidet med planen. 3. Kårvika – forureina grunn: Forureina grunn i Kårvika er ikkje omtala i planprogrammet. Sjø og Strandsoneplan for Osterøy kommune har fylgjande føresegn Før det kan gjevast varsel om oppstart av planarbeidet i ei detaljregulering i område N8 – Kårvika, skal det liggja føre detaljert utgreiing av forureiningstilhøva og moglege verknader, jf. forureiningsforskrifta kap. 2. Dette bør vidareførast i områdeplanen 4. Universell utforming : Universell utforming er et prinsipp for utvikling av et meir inkluderande samfunn. Ved vidareutvikling av Lonevåg som kommunesenter, bør universell utforming være et førande prinsipp 5. Bustader: Det kjem ikkje fram av planprogrammet om det er tenkt variasjon i bustadtypar og storleik på desse. Det kjem heller ikkje fram om kommunen har behov for omsorgsbustader eller kommunale utleigebustader i området. Vi rår til at kommunen konkretiserer dette noko nærare i lys av mellom anna statlege mål om sosial bustadbygging. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til vitande. 2. Loneelva har omsynssone H560_1 og er sikra i føresegn 7.9. Andre vasstrengar som er del av Lonevassdraget er sikra mot vandringshinder i føresegn 7.9. 3. Teken til vitande og vidareført med krav til detaljregulering og føresegn vidareført i 1.30 og 1.39. 4. Fortau og gang – og sykkelveg er prosjektert i samsvar med krav til tilgjenge. Det er krav om at leikeareal og uteopphaldsareal skal i størst mogleg grad vere universelt utforma og tilgjengeleg for alle. 5. Kommunen eig fleire eigedomar i Lonevåg og planframlegget legg til rette for at desse kan utviklast til ulike bustadar av kommunen eller i samarbeid eller med private. Osterøy har få små husvære og felt BBT02 har krav i føresegn 2.83 at minst 20% skal vere under 45 m².
25	18/6625	Lonevåg grendaråd			<ol style="list-style-type: none"> 1. Viktig med god infrastruktur mellom Husavatnet, langskipsnaustgrunnene i Støvika til båthavn, fiskeplassar og friområde. 2. Utvikle eit levande sentrum for næring og bustad. 3. Bustadutvikling: Bør peike ut nye område for utvikling. Framtidig bustadområde utanfor planområdet bør inngå i planområdet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er lagt til rette for gangsamband mellom Hatland og sentrum og i sentrum for å trygge mjuke trafikantar. 2. Det er lagt til rette for både næring og bustad i sentrum med gode fellesareal i tilknytning.





	19/3840			<p>25.02.19</p> <p>A) Ønsker å utvikle friluftsparken ved Husavatnet</p> <p>B) For å få fortetting i sentrum kan ein tenkje seg ei moderat utviding av byggehøgde og tillate større tomteutnytting samstundes som ein må ivareta grøntområde.</p> <p>C) Det manglar fortau fleire stader i sentrum</p> <p>D) Det må etablerast snarveg frå bussterminalen langs tjørna via Støvika til idrettshallen.</p> <p>E) Bør gå i dialog med Skyss om omregulering av området der til forretning, bustad og parkering.</p> <p>F) Kulturhus evt med symjehall og evt bibliotek kan leggest til området framfor Osterøyhallen.</p> <p>G) sikre området Lyktaneset som friluftsområde.</p>	<p>3. Planen legg til rette for fortetting innanfor eksisterande bustadområde og i sentrum. Med dagens folketalsutvikling er det ikkje vurdert som naudsynt å ta inn nytt areal før ein har utnytta potensiale for fortetting.</p> <p>A) Planen legg til rette for at det er mogleg.</p> <p>B) Teken til vitande</p> <p>C) Teken til vitande. Planen legg opp til fortau og andre avsette eigna areal til gåande og syklande i sentrum. Dette er mellom annan langs kanal og i gatetun.</p> <p>D) Planen legg opp til moglegheit for etablering av gangsamband langs Vågatjørn i felt o_BAS01.</p> <p>E) Teken til vitande</p> <p>F) Teken til vitande</p> <p>G) Lyktaneset vert delvis regulert til friluftsføremål og delvis til infrastruktur til småbåtanlegg.</p>
26	18/6631	NVE		<p>1 Areal som er skred- og flaumutsett må innarbeidast i plankartet som omsynssoner fareområde H310 og H320, og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.</p> <p>2 Husavatnet er ein del av det verna vassdraget Loneelvi. Planområdet dekker og den smale vågen inn mot vassdraget sitt utlaup i sjøen. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, innsjøar og tjern, og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I planens tekstdel bør det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinjene er følgd opp i planen. Vi syner elles særleg til at vassdraget er vertskap for den raudlista elvemuslingen.</p> <p>3 Arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf PBL §12-5 nr. 6 bør nyttast til å merke vatn og bekkar, t.d. "Natur og friluftsliv". Vi syner til vassressurslova §11 om kantvegetasjon. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen.</p> <p>4 Dersom reguleringsplanen inneber inngrep i vassdrag må NVE vurdere tiltaka etter vassressurslova i samband med planhandsaminga. For å få til ei koordinert handsaming er det viktig at planen gir ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for ålmenne interesser i vassdraget er vurdert</p>	<p>1. Det er innarbeidd ei rekke omsynssoner fareområde H310 og H320 med tilhøyrande føresegn 1.32, 1.33 og 7.3-7.5.</p> <p>2. Vassdraget Loneelvi er omtalt i planskildring. I føresegna og plankartet er det sikra ei sone til kantvegetasjon på 10 meter frå vassdraget. Føresegn 7.10 omhandlar sona og det er ikkje er lov med tiltak og kantvegetasjonen skal ivaretakast. Det er også forbod mot å etablere vandringshinder for anadrom fisk. Der det er myrområder i samband med vassdraget går sona 10 meter frå ytterkant av myrane.</p> <p>3. Kantsone for øvrige vatn og bekkar er satt til 5 meter. Den er sikra i plankart og gjennom føresegn 7.10.</p> <p>4. Teken til vitande.</p>
27	18/6677	BIR		<p>Våre generelle innspel til planarbeidet er følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Krav i planføresegnene om framtidretta nedgrave renovasjonsløyving • Krav i planføresegnene om utarbeiding av renovasjonsteknisk plan (RTP) som skal vere lagt fram for BIR for uttale før søknad om byggjeløyve • Rekkefølgjekrav om ferdigstilling av avfallsanlegget i samsvar med BIRs uttale til RTP før mellombels bruksløyve/ferdigattest 	<p>Jf føresegn 1.35 og 1.49</p>





Arealinnspel områderegulering Lonevåg planID 46302015001


					<ul style="list-style-type: none"> • Nok og eigna areal for alle avfallstypene må merkast spesifikt i arealplanen og i illustrasjonsplanlutanomhusplan • Nok areal for tilkomst med lastebil (L), og oppstilling ved henting av avfallet må sikrast, jamfør BIRs renovasjonstekniske rettleiar (RTV) og vegnormal (N100), Statens vegvesen • Avfallsløysninga bør der det er mogeleg sjåast i samanheng for større område og andre tilstøytande plansaker/område. 	
28	18/7283	HFK			<p>Fylkeskommunen har generelle og konkrete innspel knyta til følgjande tema i innspel til oppstart:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arkitektur og estetikk • Senterstruktur og handel • Samferdsel / «Tide-tomta» / Areal- og transport • Landskap • Bustad • Strandsone • Universell utforming • Klima og energi, klimatilpassing • Kulturminne og kulturmiljø 	Teken til vitande.
29		Tippetue arkitekter på vegne av grunneigar	13/21		Ynskjer at det skal vera mulighet for auke i byggehøgde pga flaumfare og at det kan etablerast p-anlegg på bakkeplan. Området bør ha føremål kombinert arealføremål næring/bustad.	Teken til vitande. Lonevåg Arena er føreslege regulert til sentrumsføremål (BS01) med auka byggehøgde i høve dagens høgde.
30	19/1292	Gunda Kallestad			Møteplasser for folk, turstiar og god tilkomst for folk med nedsett funksjonsevne.	I o_BLK02 er det lagt opp til ein større plass der det kan tilretteleggast for park, leik og aktivitetar. Det er krav om universell tilkomst til dette området. Vidare har gang- og sykkelveggar og fortau krav om stigning, breidde og underlag som gjer at det skal vere eigna for alle. Turvegane skal så godt som råd vere universelt utforma og skal opparbeidast med fast dekke med grus av god kvalitet jf føresegn 4.2.
31	19/1293	Richard Åsheim			<p>Bør vera gangfelt mellom Osterøy handlesenter og rutebilstasjonen.</p> <p>Innkøyring forbudt skiltet mellom bibliotek og hotellet bør vere andre vegen sidan bilane står mot fronten mot Osterøy handlesenter når dei parkerer.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gangfelt vert ikkje regulert i planen. 2. Vegløysinga i planen legg opp til at køyring til og frå Osterøy senter vil vere vegen inn mot fjellvegen, medan det er lagt opp til at mjuke trafikantar skal ha prioritet i gatetun mellom biblioteket og Osterøykroa. Det vert difor ikkje vidareført gågate som føremål og heller ikkje innkøyring forbodt nokon veg på denne vegen o_SV.



32	19/3845	Arne Hansen		<p>Det bør lagast gangveg mellom Fotlandsvegen og ungdomsskolen. Frå gangfelt under barnehage bør det lagast gangveg mot Lonevåg med belysning ved overgang.</p> 	<p>Det er prosjektert og skal byggast fortau langs ungdomsskolen og ned til rådhuset. Dette er forventa gjennomført i 2020.</p>
33	19/3851	Helge Skaftun		<ol style="list-style-type: none">1. Trafikksikringstiltak i Lonevåg sentrum: Fotgjengerovergang mellom Osterøy handlesenter og Skyss.2. Manglande vegljøs på Hatland: Manglar ljøs i Rambergsveien ved p-plass til barnehage og hus nr 186. Mange barn og vaksne bruker denne vegen.	<ol style="list-style-type: none">1. sjå svar frå rådmannen på innspel 31.2. Vegljøs vert ikkje regulert i planen men dette er viktige innspel som kommunen kan ta med i vidare trafikksikringsarbeid. Kan spelast inn til kommunen i høve trafikksikring.
34		Statens vegvesen		<p>Syner til at dei tidlegare har gjeve uttale til oppstart av planprosess.</p>	<p>Teken til vitande.</p>
35		Lonevåg grendaråd		<ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer å videreutvikle friluftsområde rundt Husavatnet.2. Må etablerast gode fellesareal nær butikkområdet i sentrum.3. Må vurderast større byggehøgde og større utnyttign av tomter samstundes som ein tek vare på grøntareal.4. Manglar fortau mange stader.5. Må etablerast snarveg frå bussterminal langs tjødna og opp til idrettsplassen.6. Må vurderast ei rundkjøring mellom Lonevåg Arena og Sparebanken.7. Omregulering av Tidetoma til foretning, bustad og parkering.8. Kulturhus, symjehall og bibliotek <p>Lyktanaset som friluftsområde. Må leggstil rette for infrastruktur til ny småbåthamn.</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Området ved Husavatnet er sett av til friluftsføremål i planen. Føresegn 5.4 tillatar tilrettelegging for friluftsføremål.2. Sjå rådmannen sitt svar på innspel 16.3. Det er vurdert høgare utnyttingsgrad og byggehøgde på fleire felt i sentrum. Det vert krav til leikeareal og uteoppfallsareal for nye bueiningar i sentrum.4. Teken til vitande. Planen regulerer nye fortau og gang- og sykkelvegar.5. Det vil bli gang samband på begge sider av Vågatjørna og vidare opp til Osterøyhallen. Føresegn 2.26 sikrar at snarveg frå Osterøyhallen vert vidareført gjennom felt BB06 ned til Lonevåg Arena.6. Det er ikkje vurdert fleire rundkjøringar. Avkøyrslar er regulert i samsvar med krav til vegar og avkøyrslar.7. Tide-tomta er regulert til sentrumsføremål BS08.8. Sjå svar frå rådmannen på innspel 20.9. Lyktanaset er sett av til friluftsføremål det arealet som ikkje må nyttast til infrastruktur i samband med ny småbåthamn. Det er prosjektert ny avkøyrslar frå fylkesvegen til ny småbåthamn.
36	19/3852	Tor Helge Gjengedal, Jon Kjetil Hatland		<p>Osterøy kommune bør unngå at det vert starta opp industriverksemd på Hatland. Det er ei dårleg løysing å bygge næringsverksemd i eit område som kan betegnes som eit oppvekstun; omgjeve av tre skular, barnehage og bustader.</p>	<p>Planframlegget legg ikkje opp til vidareføring av små næringsområde som ligg tett på bustader og skular. Området på Hatland vert regulert til konsentrert bustadbygging felt BKS01.</p>



37	19/3874	Astrid og Lars Fjeldstad			Må leggest til rette for trygg kryssing av veg frå Tide til Lonevåg sentrum.	Det manglar høvelege kryssingspunkt av fylkesvegen mellom Tide-tomta og sentrum av Lonevåg. I ny regulert løysing vil det kome på plass trygge kryssingspunkt ved gjennomføring av planen.
38	19/4003	Osterøy utvikling v/Tobby Sander Tomassen		14/291	Gjeld deler av tomt nr 20 som er regulert til bustad i reguleringsplanen Ramberget, Lonevåg 504_43. Regulerte tomtegrenser samsvarer ikke med dagen situasjon. Mener det er en bedre løysning at naboene kan kjøpe tomt til egne hager og parkering da tomten sannsynligvis er for liten til å bygge en bolig.	Jf felt BF14. Det er ikkje regulerte tomtegrenser i plan, noko som gjer at ein kan justere tomtegrenser etter føremål. Bustadføremål er justert noko for å kunne samsvare med eksisterande situasjon. Det er regulert inn eit leikeområde. Resterande bustadareal kan nyttast som parkering.
39	19/5791	Fitje indremisjon v/Øyvind Vevle			Ønskjer at den tomte som tidlegare har vore halden av til bedehus kjem med i områdeplanen for Lonevåg.	Osterøy kommune står som eigar på 13/213 som er eit område som også omfattar område som i gjeldande plan er regulert til bedehus.  Området i grått er heile eigedomen. Området i svart boks er felt BAA. Dette er den gamle brannstasjonen som også Osterøy kommune eig. Denne eigedomen er regulert til kulturinstitusjon og kan også nyttast til forsamlingslokale. Det er difor ikkje sett av areal til egne religiøse aktivitetar.
40	19/8017	Alvheim & Hansen		14/131	Det er ønskelig å benytte bygget til lager med tilhørende kontor for lokalt næringsliv. Det vil medføre begrenset trafikk og er ikke til ulempe for myke trafikanter.	Planframlegget legg ikkje opp til vidareføring av små næringsområde som ligg tett på bustader og skular. GBNR 14/131 vert regulert til konsentrert bustadbygging felt BKS01
41	19/14620	Osterøy reiselivslag v Trond Lillejord			Har ønske om at areal ved tønne inst i Lonevåg til bobilparkering. Det er nok areal til boccabane også.	Sjå svar frå rådmannen på nr 5.
42	19/14935	Osterøy kommune v/Roald Hovden			Gjeld ny vassleidning i sjø frå Raknes til Lonevåg. Ber om at denne strekninga vert lagt inn i plan.	Traseen er lagt inn i plankart (føresegnsområde #1) og er sikra i føresegn 7.21.





					<p>Ny vassleidning frå Raknes til høgdebasseng Lonevåg</p> <p>Frå enden til Høgebassenget blir den liggende i eksisterande greft til Fugledalen boligfelt</p>	
--	--	--	--	--	---	--


Innspel som er kome i samband med «Kor ska me gå og vere i Lonevåg?»

	Journalpost	Avsendar	Område	Gbnr	Innspel	Rådmannen sine kommentarar.
A		Helge Skaftun	Sentrum		Overgangsfelt mellom Osterøy handlesenter og Tidetomten.	Fotgjengarovergangar vert ikkje regulert i arealplan, men er med som eit element i høve til heilskapleg og trygg trafikkavvikling.
B		Åge Bakken	Sentrum Hatland		<p>Vedlegg 1: Tide-tomta: Bør regulerast til kontor- og næringsareal</p> <p>Vedlegg 2: Fotgjengarovergangar – oransje behov for nye</p> <p>Vedlegg 3: Grønt er eksisterande fortau, behov for nye gang/sykelstiar i raudt.</p> <p>Vedlegg 4: Byggje ut nettverk av turstiar som vist i raudt. 1: Overgangsfelt 2 stedar i sentrum (sjå bilete).</p> <p>Eksisterende fotgj. overg. Behov for nye fotgj. overgangar</p>	<p>Vedlegg 1: Teken til vitande</p> <p>Vedlegg 2: Fotgjengarovergangar vert ikkje regulert i arealplan men er med som eit element i høve til heilskapleg og trygg trafikkavvikling.</p> <p>Vedlegg3: Innspelet er bygd vidare på gjennom eige temakart for gang-og sykkelveggar, fortau, snarveggar, stiar og gangstiar.</p> <p>Vedlegg 4: sjå svar ang vedlegg 3.</p>




				<p>2: Fortau, gang- og sykkelstiar på Hatland og i sentrum (sjå bilete).</p>  <p>3: Turvegar i sentrum og på Hatland (sjå bilete).</p> 	
C.	19/12649	Elias Eknes	Hatland – Fossen	Overgangsfelt frå Familiens hus/Circle K til Rambergsvegen.	Fotgjengarovergangar vert ikkje regulert i arealplan, men er med som eit element i høve til heilskapleg og trygg trafikkavvikling.
D	19/14365	Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Sentrum	<p>1: Overgangsfelt Tide – Handelscenteret.</p> <p>2: Nedgang frå fortau til Lonevåg Arena for bratt og utan asfalt, i tillegg ikkje markert på p-plass.</p> <p>3: Overgangsfelt frå Familiens hus til Fossen.</p> <p>4: Vei/sti frå barneskule til vidaregåande bør ikkje vere gruslagt.</p>	<p>Rådmannen ser at dette er mange gode innspel men som ikkje kan løysast i arealplan. Innspelet er sendt vidare til kommunal vegmynde som kan ta med innspela i vidare arbeid. Sjå saknr 20/1060.</p> <p>1: Fotgjengarovergangar vert ikkje regulert i arealplan, men er med som eit element i høve til heilskapleg og trygg trafikkavvikling.</p> <p>2: Dette er privatrettslege tilhøve som bør takast opp med grunneigar.</p> <p>3: Fotgjengarovergangar vert ikkje regulert i arealplan, men er med som eit element i høve til heilskapleg og trygg trafikkavvikling.</p> <p>4: Teken til vitande.</p>
E	19/6554	Lonevåg Grendaråd		<p>Leikeområde.</p> <ol style="list-style-type: none">1. Leik ved Nesjatun er ikkje eigna til leik.2. Ryggen sør for Gunnebo Anja kan vere eigna til friområde/leik3. Leikeareal i Nausthaugen vil vere for bratt4. Lyktaneset er eigna til leik og friluftaktivitetar.	<p>1: Detaljregulering Lonaneset bustad vil handtere leikeareal og parkering i planen.</p> <p>2: Området som inngår i Detaljregulering Lonaneset vil vurdere eigna arealføremål i planen.</p> <p>3: Leikearealet er teke ut av planframlegget. Naudsynt areal for leik skal vere ivareteke i føresegner.</p>



				<p>Fortau/stiar</p> <ol style="list-style-type: none"> 5. Gående må sikrast i sentrum nordvest. 6. Ønsker tursti langs tjørna til Osterøyhallen 7. Fortau frå sentrum/småbåthamn til Barkavika 8. Sti frå Kårvika mot vegen frå Lone langs elva. 9. Sti til badeplassen ved Husavatnet må få sti rundt kollen sør for friluftsparken. 10. Fortau frå Kjørgrova til nordenden av Husavatnet. <p>Park:</p> <ol style="list-style-type: none"> 11. Grøntområde på gbnr 14/35 kan etablerast som fast park/leikeområde i sentrum 12. Friluftsparken ved Husavatnet kan utviklast.. 	<p>4: Deler av Lyktanaset er sett av til friluftsføremål og deler til infrastruktur til y småbåthavn. Det er regulert turveg mellom Lyktanaset og Svenevika som vil lette tilkomst til badeområde i Svenevika.</p> <p>5: Det vert lagt opp til gatetun og gangareal langs framtidig kanal for å sikre attraktive areal og hensiktsmessig gangsystem mellom sentra i Lonevåg sentrum.</p> <p>6: Det vil bli gangsamband på begge sider av Vågatjørna og vidare opp til Osterøyhallen. Føresegn 2.26xx sikrar at snarveg frå Osterøyhallen vert vidareført gjennom felt BB06 ned til Osterøy senter.</p> <p>7: Det blir regulert turveg mellom Lyktanaset og Svenevika i samband med småbåthamn. Det er regulert inn gangløysing frå Hatlandsvågen til småbåthamn. Vegen langs Hatlandsvågen har så lågt antal bilar køyrande at ein har vurdert at ein ikkje treng fortou på denne vegen.</p> <p>8: Delar av området er sett av til detaljregulering næringsområde og tursti må evt vurderast i dette planarbeidet. I område som er LNF kan det gjevast løyve til enkelt tilrettelegging for friluftsføremål jf føresegn 5.2</p> <p>9: Det er avsett til turveg i denne traséen som koplpar denne turvegen til traséen rundt Husavatnet.</p> <p>10: Det er ikkje regulert ny fylkesveg og fortou på denne strekninga.</p> <p>11: Planen legg opptil eit fast park/leikeområde her samt på deler av gbnr 14/391. Sjå planskildring side 26.</p> <p>12: Det er tilrettelegging for friluftsføremål sjå føresegn 5.4.</p>
F	19/16560	Lonevåg Helselag	Lonanese t - Fossen	<ol style="list-style-type: none"> 1: Innteikna leikeplass ved parkering til eldebustadane på Lonanaset må flyttast. 2: Området satt av til leikeplass ved Rambergsvegen 129 er myr og må oppgraderast for bruk til leikeplass. 3: Innteikna leikeplass nord i Nausthaugen er lite egna pga ulendt område med bratt tilkomst. 	<ol style="list-style-type: none"> 1: Planen legger opp til krav om detaljregulering på Lonanaset. Plassering av leikeareal vil verte avklart i detaljreguleringa. 2: Teken til vitande. 3: Leikeplassen er teke ut av plankartet og plassering av leikeareal i samband med nye bustader må løysast i byggesak.



G	19/10849	Linn Gerhardsen			Glad for å sjå at det kjem meir fortau i Lonevåg. Trengs også fleire fotgjengarovergangar.	Teken til vitande.
H	19/12419	Åge Bakken	Lonanese t/Kårvika		Gule område i Kårvika og på Lonanese set vert føreslege til nye bustadområde. 	<ol style="list-style-type: none">1. Lonanese set er pågåande detaljregulering Lonanese set bustad. Nye bustader vert detaljregulert gjennom denne planen.2. Kårvika. Sjå svar frå rådmannen på innspel 1.